

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
038/17	Formannskapet	PS	11.05.2017
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 044	17/373

Delegasjonsreglement for Austrheim kommune - Revisjon

Vedlegg:

DELEGERINGSREGLEMENT -REVIDERT 2017

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner revidert delegasjonsreglement datert april 2017.

Formannskapet - 038/17 - 11.05.2017

FS - behandling:

Fellesframlegg:

Austrheim kommunestyre godkjenner revidert delegasjonsreglement datert april 2017 med fylgjande tillegg under § 4 - 4:

- innkreving av renovasjonsavgift

Fellesframlegget vart samrøystes tilrådd.

FS vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner revidert delegasjonsreglement datert april 2017 med fylgjande tillegg under § 4 - 4_

-innkreving av renovasjonsavgift.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Gjeldande delegasjonsreglement er frå 2004 og det er behov for revisjon.

Kap.1: er i det vesentlege likt, men ny § 1 – 9 som fylgjer:

Delegering av mynde til ordføraren:

-Gjere bruk av « tilleggsløyvingar ordførars avgjerse» på ansvarsområde 804
-Nytte inntil kr. 1.000.000 i samband med etablering av kriseberedskap, jfr. gjeldande beredskapsplan

Kap. 2: ingen endringar.

Kap. 3 :Nye punkt innanfor § 3 - 30 er som følgjer:

l) Ansvar for elsikkerhet i kommunale bygningar.

I samsvar med lov av 24.mai 1929 om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr og forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter(internkontroll-forskriften) § 5, 2.ledd, pkt. 5 har huseigar ansvar for at tilsyn av elanlegg vert gjennomført og ansvar, oppgåver og myndighet vert delegert til utøvande mynde.

Rådmannen har mynde til å utføra eltilsyn av kommunale bygningar og anlegg .

m) Ansvar etter sivilforsvarsloven

I samsvar med lov av 25.juni nr.45 sivilbeskyttelsesloven kap. IV .Kommunale plikter og kap.V.Kommunal beredskapsplikt har kommunen plikter til å bidra til gjennomføring av Sivilforsvarets oppgåver og tiltak innanfor området.

Rådmannen vert tillagt mynde til å utføre tiltak etter kap.IV og V i sivilbeskyttelsesloven

Under kap. 3 – Helse og sosialspørsmål er fylgjande nytt innanfor § 3 – 39 :

c)Strålevernloven av 12.mai 2000 nr. 36

Rådmannen er gitt all mynde til å utøva mynde og treffa vedtak etter lov om strålevern av 12.mai 2000 nr. 36, så langt slikt mynde ikkje er lagt til kommunalt organ.

§ 3 – 44 og 45 landbruk går ut og er erstatta med delegasjon til Radøy kommune i nytt kap. 4.

Kap 4 – Delegasjon av budsjettsaker er erstatta med: Delegasjon av mynde til andre.

Kap 4 – Delegasjon av budsjettsaker og kap. 5-Delegering i finansforvaltninga er blitt nytt kapittel 5: Økonomiforvalning, økonomistyring og tilvisning

I dagens delegasjonsreglement ber kap. 4 og 5 meir preg av å vera økonomireglement.

I det nye kap. 5 er det no delegasjonar til rådmannen som er innarbeida. Desse delegasjonane ligg også i økonomireglementet.

Det som elles gjeld økonomi er godt dekkja av økonomireglementet som vart vedteke i juli 2010.

Elles er det forsøkt å oppdatere lovgrunnlaget for dei einskilde områda.

Vurdering

Viser til det reviderte delegasjonsreglementet og finn det rimeleg at dette vert godkjent.

Det reviderte reglementet inneber ikkje nokre realitetsendringar.

Konklusjon

Eg rår til fylgjande:

Austrheim kommunestyre godkjenner revidert delegasjonsreglement datert april 2017.